



FOLKORG

ÅRSMELDING

2016

FOLK Organisasjon for
ORG folkemusikk og
folkedans

Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz / FolkOrg

Foto framside: Thor Hauknes

Foto bakside: Anbjørg Myhra Bergwitz

Fotografer: Runhild Heggem, Thomas Westling, Silje Drevdal, Ingvil Skeie Ljones, Svein Ole Valde, Audun Stokke Hole, Knut Utler, Johan Røed, Thor Hauknes, Anbjørg Myhra Bergwitz, Hans-Olav Øvre og Henrik Kamphus

Postadresse:

FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse:

Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: www.folkorg.no

E-post: post@folkorg.no

Tlf.: 22 00 56 22



INNHOOLD

4 Om FolkOrg

8 Vurdering av måloppnåing

12 Særskilde satsningar for 2015-2016

16 Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

16 Kulturpolitisk arbeid

17 Lagsutvikling

17 Tilskotsordningar

19 Arrangørutvikling

21 Utøvarutvikling

22 Kappleikar og festivalar

26 Informasjon

28 Vedlegg

OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret i 2016:

Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
Camilla Granlien (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Thor Hauknes (styremedlem)
Hilde Reitan (styremedlem)
Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
Tove Leinslie (styremedlem)
Gro Marie Svidal (1. varamedlem)
Gudrun Folkedal (2. varamedlem)
Kjellbjørn Karlsrud (3. varamedlem)



I meldingsperioden har styret hatt fem møte, og har handsama 62 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar og andre relevante møte. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i ni av ti områdelag.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Per Øyvind Tveiten, Camilla Granlien og Helene Myklemyr Bolstad. Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt fire fysiske møte, og 21 saker har vore handsama i dei. Dagleg leiar nyttar òg AU til å drøfte ulike spørsmål mellom møta.

Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:

Vegar Vårdal, Silje Onstad Hålien og Nina Fjeldet. Dei har ikkje hatt fysiske møte i 2016, men dei har vore tilgjengelege for styret og administrasjonen. Administrasjonen drøftar ulike saker med fagutvalet mellom møta.

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4360 medlemmer pr. 31.12.2016. Av desse var det 604 born/ungdommar (t.o.m. 18 år). Det er ein nedgang på 87 medlemmer totalt. Men det er ein auke på 12 medlemmer t.o.m. 18 år. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

Medlemslag

Pr. 31.12.2016 hadde FolkOrg:

- 143 lokale medlemslag, det er ein nedgang på eitt medlemslag.
- 10 områdelag, det er ein nedgang på eitt områdelag etter at Vest-Oppland folkemusikklag la ned

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i Norsk musikkråd og i Frivillighet Norge

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler. Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangører.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen



HEIDERSMEDLEMSKAP

Rasmus Stauri

vart utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under Landskappleiken i Vågå. Vi har per i dag 40 heidersmedlemmer i FolkOrg.

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

I administrasjonen var det til saman 7,3 årsverk, mot 7,5 årsverk fram til 1. juli 2014. Årsaka til reduksjonen er mindre driftstilskot.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølv sagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar, og prosjektleiar for Folkelarm
Anbjørg Myhra Bergwitz	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og informasjon, tilbake frå studiepermisjon frå 1. juni.
Marit Vestrum	Rådgjevar med ansvar for lokallag og arrangør fram til 30. april
Øyvind Sandum	Rådgjevar med ansvar for lokallag og arrangør frå 1. juli
Ingrid Schei Stuhaug	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar
Olaug Furusæter	Engasjement og vikariat

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapan for 2016 ligg ved årsmeldinga.



VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne metodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å nytte mykje tid til å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA

Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt.

- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Målemetodar

Tal på søkjarar til å arrangere Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Landskappleiken	1	2	1	2	0	2	0*
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	1	1	1	3	1	1	0*

* Ingen ved første utlysning, ny utlysning ute med frist 15. september 2017.

Tal på lokal- og fylkeskappleikar:

- 2014: 18
- 2015: 14
- 2016: 15

Deltaking på Landskappleiken og økonomisk resultat:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Deltakarar	1 200	1 260	1 400	1 400	1 416	1 423	1 460
Innslag	429	465	470	438	471	470	457
Økonomisk resultat	1 100 000 kr	670 000 kr	230 000 kr	372 000 kr	451 000 kr	309 000 kr	1 350 000 kr

Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk og økonomisk resultat:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Deltakarar	529	640	710	440	432	920	886
Innslag	88	124	163	123	94	177	169
Økonomisk resultat	590 000 kr	510 000 kr	722 000 kr	- 72 830 kr	2 700 kr	1 129 000 kr	950 000 kr

Tal på studietimar i og økonomisk tilskot til lokallag i FolkOrg gjennom Musikkens studieforbund:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Studietimar	7 190	7 000	6 871	6 229	5 638	5 577	6 247
Tilskot	636 399 kr	655 459 kr	638 939 kr	588 020 kr	538 011 kr	530 535 kr	584 642 kr

Tal på søknader og tilsegnssum Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd til utdeling:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på søknader	39	20 *)	24 *)	27	34	41	37
Tilsegnssum	428 870 kr	299 204 kr	318 971 kr	474 310 kr	347 610 kr	450 015 kr	544 476 kr

*) I 2011 og 2012 stramma Norsk musikkråd inn kravet til fordelingspraksis, og ingen lag som ikkje hadde riktig aldersfordeling (1/3 under 26 år), fekk støtte. Dette er sannsynlegvis årsaka til færre søkjarar.

Tal på søknader – Norsk Folkemusikkfond

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
41	43	23	18	22	23	25

Tal på søknader – Rekrutteringsstøtte

Haut 2013	Vår 2014	Haut 2014	2015 *)	2016
18	26	9	20	20

*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrg si rekrutteringsstøttsordning. Søknader til opplæring og rekrutteringsarbeid vart vurderte under både Rekrutteringsstøttsordninga og Norsk Folkemusikkfond.

Tal på søknader – Momskompensasjon

2011	2012	2013	2014	2015	2016
11	28	40	45	55	48

Søkjarar til INTRO-folk:

Ikkje aktuelt for 2015 og 2016

2012	2014 (2015 gjennomføring)
15	11

INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA


Folkemusikken og -dansen i Noreg er kjent og synleg nasjonalt og internasjonalt

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetodar

Tal på presseoppslag frå Folkelarm og Folkelarm-prisane, Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk:

	2013	2014	2015	2016
Folkelarm og Folkelarm-prisane <i>norske presseoppslag</i>	-	136	79 <i>54 i papirutgåver og 25 i nettutgåver</i>	63 <i>38 i papirutgåver og 25 i nettutgåver</i>
Landskappleiken	135	160	283 <i>181 i papirutgåver og 102 i nettutgåver</i>	494 <i>295 i papirutgåver og 199 i nettutgåver</i>
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	110	80	115 <i>69 i papirutgåver og 46 i nettutgåver</i>	197 <i>110 i papirutgåver og 87 i nettutgåver</i>



INDIKATORAR PÅ OPPNÅING AV MÅLA:

FolkOrg er ein viktig ressurs på folkemusikk- og folkedansfeltet.

- Medlemmene sin kompetanse og erfaring blir nytta og synleggjort.
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar

Tal på medlemmer og medlemslag i FolkOrg

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på medlemmer totalt	4 613	4 008	4 574	4 362	4 296	4 447	4 360
Born/unge	632	437	572	553	588	592	604
Yrkesutøvarar	*	*	108	120	114	116	158
Lokallag	148	142	143	143	141	144	143
Områdelag	10	11	11	11	11	11	10

*Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja

Kvalitative vurderingar:

- Medlemmer vart nytta til foredrag på Folkelarm.
- På alle dei store arrangementa våre får medlemmene syne kompetansen sin i folkemusikk og -dans.
- Vi har vore i dialog med fleire medlemmer for å få deira syn på ulike saker.
- Vi har vore aktive i å markere oss overfor politikarar gjennom møte, høyringar – både skriftlege og munnlege – og gjennom annan direkte kontakt. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er arrangørforum, festivalundersøking, samarbeid om politisk påverknad, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Samspill og Møst. Vi har fleire invitasjonar til samarbeid som vi ikkje har kapasitet til å ta del i.
- Vi har vore med på å stifte Kulturalliansen.
- Vi kan bli betre på å vere synlege i media, men har skrive kronikk om NRK og lokal musikk på distriktssendingane, Kulturtanken og kommentarar til statsbudsjettet.
- Vi har i 2015 fått ein liten auke i tala på medlemmer og medlemslag.
- Vi hadde stand og arrangerte debatt under Arendalsuka saman med Norsk Jazzforum og Norske Konsertarrangører.
- Det er ein liten nedgang i talet på medlemmer. Men talet på medlemmer under 18 år har gått litt opp.

SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2015–2016

REKRUTTERING	FOLKEDANS GAMMALDANS OG BYGDEDANS	FORMIDLING OG INFORMASJON
<p>Mål:</p> <p>Betre tilhøve for opplæring!</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ha arbeid for gode tilskotsordningar for opplæring • Ha gjennomført ei kurshelg for medlemmene i FolkOrg i 2016 • Synleggjering av eksisterande undervisningsmateriell • Ferdigstilt idébanken for samarbeid mellom kulturskular og lag <p>Fleire medlemmer!</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire medlemsfordelar og synleggjering av desse • Søke Sparebankstiftinga om tilskot til eit rekrutteringsprosjekt, gjerne i samarbeid med andre organisasjonar. 	<p>Mål:</p> <p>Betre tilhøve for folkedans!</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er tydelegare vekt på folkedans i promo- og informasjonsmateriellet til Folkelarm, IntroFolk og FolkOrg. • Vi har bidrege til ei styrking av grunnopplæringa innanfor folkedans. • Vi har bidrege til ei auka vektlegging av undervisning i folkedans i skule og kulturskule. • FolkOrg skal arbeide for støtteordningar til levande musikk i danseopplæringa og på dansefestar, og sjå på kva stimuli som kan ordnast for danselærarar i organisasjonen. • FolkOrg skal arbeide for fleire stipend og prisar for dansarar i organisasjonen, til dømes tilsvarande Fureprisen. 	<p>Mål:</p> <p>Fleire folkemusikarar ut på vegen!</p> <ul style="list-style-type: none"> • TFF Rudolstadt – Noreg som fokusland • Folk of Norway – promo-CD for norsk folkemusikk • INTRO-folk • Vi har ferdigstilt modellen for det framtidige Folkelarm med sikte på å skilje ut Folkelarm som ei eiga eining, og vere med på å vidareutvikle konseptet <p>Betre informasjon og service</p> <ul style="list-style-type: none"> • Har ferdigstilt folkorg.no med basisinformasjon. • Ny utøvar katalog • Revidering av arrangørhandbok

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

Rekruttering

Vi har arbeidd for å auke dei ulike tilskotsordningane til feltet, men då regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett vart lagt fram, vart det satsa mest på å oppretthalde tilskota på same nivå som før. Sjå kapittelet om arbeid med statsbudsjettet for meir informasjon. Tilskotet frå Frifond organisasjon til FolkOrg auka i 2016 med nær kr 100 000.

Regjeringa er oppteken av å forenkle tilskotsordningane for kulturfeltet, men nokre ordningar som til dømes Frifond har blitt meir arbeidskrevjande

Vi planla ei kurshelg for medlemmene på Lillehammer 15.–17. april 2016. Påmeldinga var så låg at vi avlyste arrangementet.

Idébanken for samarbeid mellom kulturskular og lag er publisert. Det er meininga at han skal vere ei levande side, der nye idear skal komme til.

Vi har i liten grad synleggjort eksisterande undervisningsmateriell.

I 2016 fekk vi nye medlemsfordelar med rabatterte øvingsrom på øvingshotellet i Oslo, rabatt på rekneskapssystemet Fiken og nettsider via Custom Publish. I tillegg har vi fått tilgang til nye medlemsfordelar gjennom medlemskapet i Norsk musikkråd, gjennom satsinga Kulturfordel. Medlemsfordelane er synleggjorde på folkorg.no, medlemsgiro og medlemsinformasjon.

Medlemstalet i FolkOrg har ein nedgang på 87 personar.

FolkOrg søkte Sparebankstiftinga ved Dextra Musica om tilskot til eit større rekrutteringsprosjekt. Vi fekk tilsegn i desember 2016 om eit treårig rekrutteringsprosjekt, der vi fekk kr 700 000 første år.

Folkedans (bygdedans og gammaldans)

Vi har ikkje tal på møteplassar og arrangement for folkedans. Men sjølv arrangerte vi to store dansefestar under Folkelarm.

Administrasjonen har delteke på to samrådsmøte for folkedans saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon og Riksscenen for folkemusikk og folkedans, der viktige tiltak for folkedansfeltet blir tekne opp.

For utnemning av årets folkemusikkarrangør

var kriteriet: «FolkOrg vil gje prisen for årets folkemusikkarrangør 2016 til ein arrangør som inkluderer dansen som ein del av sitt program, og som evnar å skape blest, interesse og entusiasme for arrangementa og sjangeren.»

Vi er, saman med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslag, i gang med å utarbeide eit forprosjekt for å søkje Talent Norge om tilskot til å etablere eit ungdomsdansekompani for folkedans for særleg motiverte talent.

Formidling og informasjon

Vinnarane av INTROfolk 2015, Odde & Holmen, har spelt inn cd og vore på turné i 2016. Dei har i tillegg hatt showcasekonsertar på både FolkSpot Denmark og Folkelarm.

Vi er ikkje i mål med å etablere Folkelarm som eigen organisasjon. Men vi har etablert ei styringsgruppe for arrangementet og omorganisert administrasjonen. Styringsgruppa består av Hilde Bjørkum – Førdefestivalen, Helge Skansen – Riksscenen, Terje Foshaug – Folkemusikk Nord, Kathrine Synnes Finnskog – Music Norway, Olav Luksengård Mjelva – styret i FolkOrg og Linda Dyrnes – dagleg leiar FolkOrg. Det var gjort ein del grep for 2016, som til dømes å legge Folkelarm,

Meisterkonserten i Operaen, Oslokappleiken og dansefest til same helg. Det vart ein stor suksess. Rådet for folkemusikk og folkedans tok ansvar for ein debatt under Folkelarm og la sitt representantskapsmøte og utdelinga av Rff-prisen til Folkelarm. Vi har teke initiativ til seminar og møte for å få eit tettare nordisk samarbeid om ein showcasefestival for nordisk folkemusikk. Det tek tid, men vi opplever å gå i riktig retning med det.

Vi har revidert arrangørhandboka.

Vi har ikkje fått laga ein utøvarkatalog. Vi er heller ikkje ferdige med å lage basisinformasjon på folkorg.no.





ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

KULTURPOLITISK ARBEID

Statsbudsjettet

Høyringar

Vi har levert innspel til statsbudsjettet. I innspela la vi vekt på desse sakene:

- orpliktingane Noreg har etter ratifiseringa av Unescos konvensjon om immateriell kulturarv
- reversering av dei store kutta i kulturmidlane frå Utanriksdepartementet
- flytting av driftstilskotet til mellom andre FolkOrg til post 78 under Kulturdepartementet frå post 55 i Kulturfondet, slik at vi ikkje ligg på same post som våre eigne medlemmer og konkurrerer med dei.
- endring av retningslinene for driftstilskot gjennom Norsk kulturråd, som heller ikkje passar til medlemsorganisasjonar
- styrking av tilskotsordningane i Norsk kulturråd
- styrking av arrangørfeltet
- styrking av musikkutstyrsordninga
- styrking av tilskot til frivillig kulturarbeid, som Studieforbunda, Frifond og KOMP og Musikkutstyrsordninga

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- endringar i folketrygda
- NOKUT Studietilskuddsforskriften saman med Rådet for folkemusikk og folkedans, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Noregs Ungdomslagfellesnordisk kultursatsing i 2017
- åndsverksloven



LAGSUTVIKLING

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av nyhendebrev, e-post og på Facebook. Vi har jamleg gjeve laga rådgjeving i samband med mellom anna søknadsskriving, søknad om medlemskap i FolkOrg, rekruttering, og om lovar og reglar kring drift av spel- og dansarlag med meir.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for femte gong i 2016 under Meisterkonserten i Operaen 20. november. I 2016 skulle prisen gå til eit lag som har gjort spesielt godt arbeid innanfor rekrutterings- og opplæringsarbeid. Dei nominerte laga var Røros folkedanslag, Vågå spel- og dansarlag og Tinn spelemannslag.

Vinnaren av prisen på kr 10 000 var Tinn spelemannslag.

Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på nesten alle årsmøte i områdelaga og nokre arrangement, og ein

har nytta høvet til å prate med representantar frå lokallag og områdelag i dei ulike distrikta.

Kompetanseheving

Vi planla ei stor kurshelg på Lillehammer våren 2016, med ei rekke kurs. Påmeldinga var så dårleg at vi måtte avlyse.

Rekrutteringsprosjekt

FolkOrg fekk i desember 2016 ei gåve frå Dextra Musica til eit treårig rekrutteringsprosjekt. Tildelinga i 2017 blir på 700 000 kr. Av dette går 500 000 kr direkte til fem pilotprosjekt og dei resterande 200 000 til administrativt arbeid og fellesaktivitetar for dei fem prosjekta. Det er tildeling frå år til år, og FolkOrg søker om midlar også i 2018 og 2019.

Søknadsportalen for rekrutteringsprosjekt i 2017 vart opna den 13. februar 2017 med søknadsfrist 15. april. Tildelinga skjer under styremøtet i mai. Det blir felles oppstart for dei ulike prosjekta i september.

TILSKOTSORDNINGAR

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2016 fekk FolkOrg inn 47 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad med godkjende driftsutgifter på kr 18 313 299 (inkludert sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 23,66 % for alle ledd som inngår i søknaden. Dette betyr mindre utbetaling til det frivillige feltet samanlikna med 2015, der avkortinga var på 21,72 %. Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr 437 589, Valdres folkemusikkarrangement AS kr 254

510, områdelaga (7 lag) kr 36 269 og lokallaga (40 lag) kr 250 287. Til saman var kompensasjonen på kr 978 655.

Frifond organisasjon

FolkOrg fekk i 2016 tilsegn om kr 544 476 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det er om lag kr 100 000 meir enn i 2015. Det kom inn 37 søknader frå lokallaga med ein søknadssum på til saman kr 858 000. 29 av søknadene fekk tilskot.

I retningslinene for Frifond organisasjon er det no krav om rapport frå tilskotsmottakarane. FolkOrg har

i 2015 arbeidd for å få på plass eit rapporterings-system som fyller rapporteringskrava.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.*

Rekrutteringsstøtte

Rekrutteringsstøtta er retta mot særskilde tiltak som kan fremme rekruttering i lokallaga i FolkOrg. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga.

I år, som i 2015, vart søknadene vurderte saman med dei søknadene som gjekk på rekruttering og opplæring av born og unge frå Norsk Folkemusikkfond. Rekrutteringsstøtta hadde i 2016 totalt kr 50 000 til fordeling. Det kom inn 20 søknader på gode prosjekt, der 10 av søknadene fekk stønad.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.*

Norsk folkemusikkfond

FolkOrg administrerer Norsk Folkemusikkfond, som er organisert med eit eige styre. I 2016 var Nils-Øyvind Bergset, Hilde Reitan, Leiv Solberg, Kirsti Bakken Kristiansen og Sigbjørn Rua med i styret.

Fondet deler ut midlar som er finansierte ved hjelp av kr 15 per vaksne medlem i FolkOrg. I 2016 hadde fondet kr 55 000 til fordeling, og det fekk inn 25 søknader. Ni søkjarar fekk tilskot frå fondet.

Frå og med 2017 blir Norsk Folkemusikkfond lagt ned og midlane derfrå flytta til rekrutteringsstøtteordninga.

→ *Liste over mottakarar av tilskot frå Norsk Folkemusikkfond ligg ved denne årsmeldinga.*



ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkorg.no, nyhendebrev til arrangørane og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret kommunisert aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane.

Nettverket for folkemusikkarrangørar

Vi arrangerte nettverksmøte under Folkelarm 2016. Der var alle samde om at det er behov for ei lengre samling. Referansegruppa med Per Åsmund Omholt frå Folkemusikkscena i Rauland (leiar), Ingebjørg Nomeland frå FolkJazz-scena i Førde og Førdefestivalen, og Hans Petter Kvikne frå Folkemusikkscena Røros og Røros Folk Festival held fram som referansegruppe også i 2017. Det blir arbeidd med å finne datoar for ei felles samling. I 2016 har vi kontinuerleg oppdatert kontaktlistar.

Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg delte i 2016 ut prisen «Årets folkemusikkarrangør» for femte gong. Kriterium for årets utveljing var at «FolkOrg vil gje prisen for årets folkemusikkarrangør 2016 til ein arrangør som inkluderer dansen som ein del av sitt program, og som evnar å skape blest, interesse og entusiasme for arrangementa og sjangeren».

I 2016 var dei nominerte arrangørane Folkemusikkveka, TrondheimFOLK og Valdres folkemusikkarrangement. Valdres folkemusikkarrangement gjekk av med sigeren og fekk utdelt prisen på kr 10 000 under Meisterkonserten i Operaen den 20. november.

Deltaking på festivalar, arrangørar og regionale bransjetreff

FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og -arrangement kvart år. Representantar frå styre og administrasjon har vore til stades på fleire festivalar, arrangement og konferansar, til dømes Førdefestivalen, Førdekonferansen, By:Larm, Geiteberg Folk Festival og friviljugfestar. Vi skulle gjerne ha vore representerte på endå fleire festivalar, bransjetreff og liknande, men har ikkje kapasitet til så mange som vi ønskjer.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk Jazzforum, Norske Konsertarrangørar, Norske festivalar, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk og Norsk Kulturhusnettverk. Arrangørforum har hatt møte to gonger i 2016. Vi samarbeider om kulturpolitisk påverknadsarbeid på arrangørfeltet og driv kompetansedeling. Vi arbeider no med å få på plass felles spørjeundersøkingar til festivalar og heilårsarrangørar, i samarbeid med Rambøll. Den vil tre i kraft i 2017, og vil vere ein reiskap som gjer det enklare for medlemmene i forumet å samanlikne tal og hente ut statistikkar.



UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 158 personar pr. 31.12.2016. Det er ein auke på 42 frå året før. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

Medlemsfordelar

I 2016 vart det jobba for fleire medlemsfordelar, deriblant nokre som er særskilt relevante for yrkesutøvarar: rabatt på leige av øvingsrom på Øvingshotellet, rabatt på rekneskapsystemet Fiken og rabatt på nettsider frå CustomPublish.

Seminar og kurs

I mars arrangerte FolkOrg i samarbeid med Samspill International Music Network seminaret *Gode tips til din WOMEX-søknad*. Seminarhaldar var Sigbjørn Nedland, som tidlegare har vore i juryen for WOMEX. For første gong på mange år fekk ein norsk artist, Torgeir Vassvik, ordinær showcase på Womex. Han sa at seminaret FolkOrg arrangerte, var avgjerande for han. Han hadde søkt i fleire år, men først etter dette fekk han napp.

INTROfolk

Som vinnar av INTRO-folk 2015 fekk duoen Odde & Holmen vere med på å skreddarsy si eiga lanseringspakke saman med FolkOrg. Det har resultert i den første plata deira, *Sumarmorgon*, og ein lanseringsturné i samband med utgjevinga. Turnéen skjedde i samarbeid med dei regionale folkemusikksentera i Noreg. Dei fekk også showcase-konsert på Folkelarm og på FolkSpot Denmark, og fekk difor gode høve til å vise seg for mange potensielle arrangørar.

Seminar på Folkelarm 2016

Folkelarm 2016 inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane.

→ *Liste over seminar på Folkelarm ligg ved denne årsmeldinga.*

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde ingen fysiske møte i 2016, men medlemmene var tilgjengelege for rådgeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via telefon og e-post.

KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken

Landskappleiken vart i 2016 arrangert i Vågå 22.–26. juni, med Vågå spel- og dansarlag som lokal arrangør. Vågå spel- og dansarlag har arrangert både Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk fleire gonger tidlegare, og er ein røynd arrangør. I 2016 var det 120 år sidan den første gongen Landskappleiken vart arrangert, den gong i Bergen.

Deltaking

Det var 457 startnummer og 1460 deltakarar på Landskappleiken i Vågå. Dette er ein liten nedgang i talet på startnummer samanlikna med 2014 og 2015, medan talet på deltakarar har hatt ein liten auke.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2016 sett opp i klassen for vokal. Vinnaren vart Margit Myhr frå Gol spel- og dansarlag.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Fureprisen 2016

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har sidan 2010 delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk først pengegåvene fram til 2014. Det vart vidare søkt om forlenging av ordninga, og ho vart forlengd for to nye år. 2016 var det siste året Fureprisen og Furestipenda vart delte ut, men FolkOrg har søkt stiftinga om å få halde fram med denne prisordninga i åra framover.

Hovudprisen frå Furestifelsen har i desse åra vore 50 000 kr, og desse pengane skal gå til den beste utøvaren i spel/vokal-klassane under 25 år. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som vart lagd til finalekvelden laurdagen.

Kriteria for hovudprisen var:

Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt dyktig og talentfull deltakar (musikar) under 25 år. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane kan delast ut, og det kan vere slik at domsnemnda ikkje

finn å kunne dele ut prisen kvart år. Prisvinnaren skal vere vanleg deltakar på Landskappleiken.

Den då 24 år gamle hardingfelespelaren Sivert Holmen vann Fureprisen for 2016.

Som tidlegare år kunne vinnarane av C-klassane/juniorklassane i spel og vokal vinne 10 000 kr. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C-klassane i dans.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Kort evaluering av Landskappleiken

Arrangøren i Vågå gjennomførte ein flott landskappleik, der nærare 600 dugnadsfolk la ned fleire tusen dugnadstimar for å få til dette store og komplekse arrangementet. Mange frå lokalmiljøet stilte velvillig opp for å hjelpe til med arrangementet både som dugnadsfolk, men også ved å leige ut heimane sine til dei besøkande. Tevlingane vart gjennomførte på to arenaer, noko som kravde endå meir planlegging enn elles, og det var i tillegg eit svært rikhaldig tilbod til kappleikspublikummet utanom tevlingane, med ulike kurs, plateslepp, konsertar på ulike stadar i Vågå, kappleiksrafting og dans! Kappleiken var også prega av endringane i tevlingsreglementet våren 2016, som førte til eit svært stort engasjement både før, under og etter kappleiken.

Det økonomiske overskotet er det høgaste som har vore nokon gong, og kappleiken gjekk med eit overskot på 1 350 000 kr.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Gaupne 3.–7. august, med Gamlebanken Spelemannslag og Jostedal spel- og dansarlag som lokal arrangør. Desse laga har tidlegare arrangert Fylkeskappleiken i Sogn og Fjordane og Vestlandskappleiken, men var nye arrangørar av eit så stort arrangement. Dette var første gongen at Landsfestivalen vart arrangert i Sogn.

Deltaking

Landsfestivalen i Gaupne følgde opp festivalen i Lom året før med god deltaking, med 886 deltakarar fordelt på 169 startnummer. Pardans senior hadde flest startnummer med 35 par, medan durspel senior var den største soloklassen med 22 deltakarar. Den nye lagspelklassen for durspel og trekkspel vart prøvd ut på scene ute i Parken i Gaupne, og Parken vart også nytta som arena for dans om kvelden.

Utanom tevlingane var det tilbod om konsertar, plateslepp, dans og ikkje minst «Bornas Festivallaurdag – moro for dei minste». Her var det eigne aktivitetar til born og unge, slik som teiknekonkurranse, dansekurs, barnekonserter, sjokoladefestival og hesteskyss.

Arrangøren hadde også ein eigen jubileumskonsert, der ulike lag, grupper og solistar som har vore sentrale i Landsfestivalens 30-årige historie, deltok. I

tillegg var det blant anna fleire plateslepp og dans.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Kort evaluering av Landsfestivalen

I 2016 var det 30 år sidan Landsfestivalen vart arrangert for første gong. Arrangøren fekk mykje positive tilbakemeldingar, og skrytet var knytt til avvikling av tevlingane, dansegolv, lyd, mat og tydeleg informasjon, som alle er viktige element på ein landsfestival. Det var både gamle og nye namn på startlista, noko som er positivt for festivalen, og gledeleg er det også at dette skjer eit år festivalen ikkje er plassert i «kjerneområdet» for gammaldansmusikken.

Festivalen fekk eit godt økonomisk resultat med 950 000 kr i overskot.

Revidering av tevlingsreglement

Våren 2016 gjorde styret ein del store endringar på bakgrunn av diverse innspel til styret, og etter resultat av ei spørjeundersøking hausten 2015. Styret vedtok at berre ein tredel av deltakarane på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2016 skulle rangerast, C-klassingane/juniorane skulle få tilbod om munnleg tilbakemelding frå dommarane, og det skulle innførast ein felles poengskala for alle klassane på begge arrangementa. Desse endringane førte til eit stort engasjement både før, under og etter sommarens arrangement. Dei to første endringane var særleg omdiskuterte.

Det vart vidare sett ned ei arbeidsgruppe som skulle evaluere endringane, og som laga ei ny undersøking som var tilgjengeleg i september 2017. Dei kom

med ei innstilling til styret ut frå resultatet av undersøkinga, og saka blir handsama på landsmøtet våren 2017.

Andre endringar som vart gjorde i tevlingsreglementet i løpet av 2016, var innføring av lagspelklasse for durspel og trekkspel på Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Denne klassen vart godt motteken, og 12 lag deltok.

Generelt om Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Tevlingsadmin – nytt påmeldingsprogram

I samband med påmeldinga til Landskappleiken og Landsfestivalen tok vi i bruk det nye påmeldingssystemet, med krav om medlemsnummer for å melde på deltakarar. Dette kravet kan vere problematisk med tanke på lokal- og regionalkappleikar som ikkje har krav om medlemskap i FolkOrg for å delta. Etter at det nye påmeldingssystemet var prøvd ut på Vestlandskappleiken 2016, vart det gamle systemet brukt for mindre kappleikar som ønskjer det. Påmeldingsprogrammet blir oppgradert på nyåret 2017 for å gjere det endå meir brukarvenleg.

Fotoutstilling

I høve 30-årsjubileet for Landsfestivalen i gammaldansmusikk og 120-årsjubileet for Landskappleiken laga vi ei fotoutstilling på bakgrunn av fotoarkivet frå Spelemannsbladet. Ho vart stilt ut på begge arrangementa. For meir informasjon sjå under avsnittet om Folkemusikk (magasinet).

Meisterkonserten i Operaen

Meisterkonserten vart søndag 20. november gjennomført i Operaen for andre gong i historia. Konserten var ein del av ei større folkemusikkhelg i Oslo, med Folkelarm og Oslokappleiken på Riksscenen. 26 klassevinnarar og nærare 140 personar stod på scena framfor ein utseld sal, som vart leia gjennom konserten av programleiarane Ole Aastad Bråten, Sigrid Moldestad og Leiv Solberg. I tillegg til dei ulike klassevinnarane vart også Folkelarm-prisane delte ut, og dessutan vart årets lokallag, årets arrangør og årets folkemusikar kåra.

Folkemusikktimen feira 85 år i 2016 og var medarrangør. Leiv Solberg var med som programleiar, og delar av konserten vart sende direkte på NRK P2. Heile konserten vart send på NRK Hedmark og Oppland si nettside.

Meisterkonserten fekk også denne gongen mykje positive tilbakemeldingar frå utøvarane og publikum. Styret har bestemt at det blir ny Meisterkonsert i Operaen att i 2018.



Folkelarm

Riksscenen, Oslo | 17.–19. november

Arrangementet

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet har tradisjonelt vore bygd kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid. I 2016 samla vi fleire arrangement same helga og skipa slik det vi kalla «Folkemusikk- og dansehelg i Oslo». Vi samarbeidde med Laget for Folkemusikk om å halde Oslokappleik samstundes med Folkelarm, og vi flytta Folkelarm til november, slik at vi kunne avslutte helga med Meisterkonsert i Operaen søndag 20. november. Vi samarbeidde òg med Riksscenen om prosjektet Folk Session. Det var eit prosjekt dei hadde i samarbeid med Folkemusikk Nord og Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans om å etablere og utvikle band med unge musikarar. Vi hadde også i år samarbeid med NRK om Folk:Lab. NRK hadde to dagar med programopptak med publikum til stades i salen. Programma har vore sende på P2 i etterkant.

Delegatfokuset for Folkelarm i 2016 var på svenske, tyske og norske festivalar. Vi fekk tilskot frå UD til å invitere i alt ti internasjonale delegatar, i tillegg kom det fleire på eige initiativ. Vi hadde godt besøk av registrerte delegatar frå inn- og utland i tillegg til svært godt publikumsbesøk. Vi selde om lag seks gonger så mange billetter totalt som til Folkelarm 2015.

→ *Liste over Folkelarm-artistar, delegatar og seminarprogram ligg ved denne årsmeldinga.*

Folkelarmprisen

For tolvte gong vart Folkelarm-prisen (Norwegian Folk Music Award) delt ut, denne gongen under meisterkonserten i Operaen. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar.

→ *Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*



INFORMASJON

Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte. Det er i hovudsak to personar som har informasjon som særskilt arbeidsområde. Desse arbeider med utviklinga av organisasjonsarbeidet generelt, og har særleg søkjelys på dei arrangementa vi har. Vidare arbeider dei kontinuerleg med nettsidene våre og oppdateringar i sosiale medium. Sentralt i meldingsåret var informasjons- og pressearbeid knytt til Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Meisterkonserten i Operaen og Folkelarm. I alle prosjekta har dei tilsette stått for oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, oppdatering av appar, grafisk formgjeving, utvikling og utsending av nyhendebrev og anna presse- og informasjonsarbeid. Dei har også vore delaktige i utforming av høyringar og innspel i interessepolitiske saker. Vi har i tillegg leigd inn noko ekstrahjelp i samband med arrangementa våre når det gjeld fotografering.

Folkorg.no

I 2016 hadde folkorg.no 127 872 sidevisingar i 58 495 økter. Det var 27 083 unike brukarar.

Lesarane finn i hovudsak fram til folkorg.no på desse måtane:

- Lenkjer: 31,5 % kjem til folkorg.no via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak via landskappleiken.no og folkemusikk.no
- Sosiale medium: FolkOrg bruker Facebook-sida si aktivt, og 29,7 % av alle besøk til folkorg.no kjem via Facebook
- Søk: 27,8 % kjem til folkorg.no via søkjemotorar.
- Direkte: 11 % går direkte inn på folkorg.no

Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har no sider på Facebook (2112 medlemmer), Twitter (300 følgjarar) og Instagram (474 følgjarar).

Vi har og tilsvarende kontoar for Landskappleiken, Landsfestivalen i gamaldansmusikk, Folkelarm og Slåttify. Kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen samarbeider vi med lokal arrangør om å oppdatere.

Folkemusikk (bladet)

Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – som eig og gjev ut bladet. Bladet er frittstående og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten.

Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans og er ein viktig premissegjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet, og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning. Det redaksjonelle språket

er nynorsk, medan tekstar i bladet er på begge målformer. Tekstane blir språkvaska av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Redaktør

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan 1. oktober 2014. Han har kontor i Schouskvartalet i Oslo, der FolkOrg og Riksscenen òg held til.

Abonnentar

Folkemusikk er eit abonnementsblad. Per 31. desember 2016 hadde bladet Folkemusikk 1513 abonnentar, ein tilbakegang på 38 frå førre årsskifte. Av abonnentane var 319 gratisabonnentar. 852 abonnentar var medlemmer av FolkOrg – ein oppgang frå 791 ved førre årsskifte.

Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren. I tillegg fekk magasinet i 2016 produksjonsstøtte og prosjektstøtte frå Norsk kulturråd, og nokre små prosjektmiddel frå Fritt Ord. Inntekter frå abonnementssal og annonsar er dei to andre økonomiske beina magasinet står på.

Annonsar

I 2016 har informasjonsrådgjevar i FolkOrg, redaktøren i Folkemusikk og Solveig Brekke Hauknes selt annonsar for Folkemusikk. Bladet Folkemusikk har sidan 2009 hatt denne økonomiske utviklinga på sal av annonsar:

- 2009: kr 133 000
- 2010: kr 220 000
- 2011: kr 238 000
- 2012: kr 253 000
- 2013: kr 256 000
- 2014: kr 224 253
- 2015: kr 252 320
- 2016: kr 264 000

Folkemusikk.no

I 2016 hadde folkemusikk.no 88 000 sidevisingar i 56 000 økter, av 30 000 unike brukarar. Lesarane finn i hovudsak fram til folkemusikk.no på desse måtane:

- Sosiale medium: Folkemusikk bruker Facebook-sida si aktivt, og ein tredel av alle besøk til folkemusikk.no kjem via sosiale medium, i all hovudsak Facebook
- Direkte: ein firedel av brukarane går direkte inn på folkemusikk.no.
- Søk: ein firedel kjem til folkemusikk.no via søkjemotorar. Viss ein søker på ein artist, ei utgjeving, eit stemne e.l. innanfor folkemusikk

eller folkedans, kjem folkemusikk.no svært ofte høgt på trefflista.

- Lenkjer: ein seksdel av brukarane kjem til folkemusikk.no via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak folkorg.no.

Folkemusikk på Facebook

Facebook-sida til Folkemusikk og folkemusikk.no var 31.12.2016 likt av om lag 5500 personar. Dette er ein auke på drygt 400 personar frå førre årsskifte. Facebook er ein viktig kanal for kommunikasjon mellom magasinet og lesarane.

Dei fem mest engasjerande postane på Facebook-sida i 2016 var:

- Platemelding: Valkyrien Allstars (59 reaksjonar, nådde 6200 personar)
- Lene Furuli svara Kjell Bitustøyls kritikk av Oslokappleiken (15 r, 1700 p)
- Folkepedia: Folkemusikk møter elektronika (32 r, 1900 p)
- Platemelding: Odde & Holmen (18 r, 1100 p)
- Jobbutlysing: folkedansrådgjevar Noregs Ungdomslag (9 r, 900 p)

Fotoutstilling

Våren 2016 vart fotoarkivet etter Spelemannsbladet gått igjennom av ei arbeidsgruppe. Det vart gjort eit utval av bilda, i tillegg til eit utval av nyare bilde frå FolkOrgs arkiv. Bilda vart trykte opp og stilte ut på Landskappleiken i Vågå, på Landsfestivalen i Gaupne og på Vestlandskappleiken i Bergen. Tema for utstillinga var høgdepunkt og blinkskot frå Landskappleiken og Landsfestivalen, som begge hadde jubileum i 2016. Det vart òg laga ein bildekarusell med alle vinnarane frå eit utval kappleiksklassar, som vart vist saman med dei trykte bilda. Utstillinga, saman med jubileumsnummeret av Folkemusikk (nr. 2/2016), fekk prosjektstønad frå Norsk kulturråd.

LANDSKAPPLEIKEN 2016

Vinnarar

Vokal

- A: Margit Myhr, Gol spel- og dansarlag
- B: Mari Midtli, Sel og Otta Spel- og dansarlag
- C: Helle Luraas Lilleland, Tinn Spelemannslag
- D: Kittil Brekke, Spelemannslag Vårleingt

Spel hardingfele

- A: Ottar Kåsa, Falkeriset folkemusikklag
- B: Jon Hjellum Brodal, Bærum Spellemannslag
- C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag
- D: Leif Rygg, Voss Spelemannslag

Spel fele:

- A: Erlend Viken, Oppdal spell- og dansarlag
- B: Rasmus Kjørstad, Sør-Fron spel- og dansarlag
- C: Marius Westling, Hedmark Juniorspellmannslag

Durspel

- Junior: Tor Nythun-Bøe, Vårflaumen spel- og dansarlag
- Senior: Kristoffer Kleiveland, Osterøy Spelemannslag

Dans hardingfele

- A: Stian Johan Roland og Tone Voldhaug, Øystre Slidre spel- og dansarlag
- B: Sigbjørn Rua og Hege S. Johnrud, Småjondølenes dansarlag
- C: Knut Boksasp Berge og Birgit Haukås, Tinn Spelemannslag
- D: Per Øyvind Tveiten og Brit Sørland, Kvemmingen Spel- og dansarlag og Bygdedanslaget i Bjørgvin

Dans fele

- A: Ole Nilssen og Solveig Brekke Hauknes, Hedmark Folkemusikklag
- B: Martin Myhr og Inga Myhr, Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag
- C: Iver Kolstad og Marie Skogås, Røros folkedanslag
- D: Rolf Bjørgan og Anne Grete Nyseter Bjørgan, Sel og Otta Spel- og dansarlag

Halling

- A: Sigbjørn Rua, Småjondølenes dansarlag
- B: Torbjørn Rua Dokken, Tinn Spelemannslag og Småjondølenes dansarlag
- C: Jon Bugge Mariussen, Nesodden Danselag
- D: Rolf Bjørgan, Sel og Otta Spel- og dansarlag

Fløyte

- Senior: Steinar Ofsdal, Laget for Folkemusikk

Munnharpe

- Junior: Eivind Tanche-Larsen Knutsen, Setesdal Spelemannslag
- Senior: Thov G. Wetterhus, Numedal Spel- og dansarlag

Langeleik

- Junior: Borghild Håvarsdotter Dalbø, Øystre Slidre spel- og dansarlag
- Senior: Lise Lunde Brennhagen, Vårflaumen spel- og dansarlag

Andre eldre folkemusikkinstrument

- Senior: Tom Willy Rustad, Spira, landslina i folkemusikk

Lagspel

- Junior: Bergen juniorspelmannslag
- Senior: Gudbrandsdølenes Spelmannslag

Lagdans

- Junior: Valdres FolkemusikkUng
- Senior: Mamalooks

Grupperpel

- Junior: Åshild & Ragna
- Senior: Feragen/Kuraas/Tamnes

Open klasse

- Raabygg

Dommarar på Landskappleiken 2016

Spel hardingfele:

Harald Knutsen, Per Åsmund Omholt og
Synnøve S. Bjørset

Spel fele:

Ånon Egeland, Tron-Åsmund Svenkerud og
Kari Grøslund

Vokal:

Liv Ulvik, Oline Løvlid og Sondre Bratland

Eldre folkemusikkinstrument:

Ingvild Lie, Sissel Morken Gullord og Stein Villa

Durspel:

Tom Karlsrud, Lisbeth Haraldsen og
Hilde Fjerdingsøy

Dans fele og lagdans:

Anna Gjendem, Stian Roland og
Margrete Nordmoen

Dans hardingfele og halling:

Kristian Hanto, Leon Årdal og
Gina Ingeborg Hagen

Grupperpel:

Synnøve S. Bjørset, Ånon Egeland og
Håkon Asheim

Lagspel:

Per Åsmund Omholt, Kari Grøslund og
Tron-Åsmund Svenkerud

Open klasse:

Hilde Fjerdingsøy, Liv Ulvik og Stein Villa

Instrumentutstilling (fele):

Peder Källman og Erlend Viken

Instrumentutstilling (hardingfele):

Knut Opheimsbakken og Tore Bolstad

Hovuddommar for Fureprisen:

John Ole Morken

Furestiftelsen

Fureprisen:

Sivert Andreas Holmen,
Vårflaumen spel- og dansarlag

Furestipend

Spel hardingfele C: Cecilie Skrindo,
Ål spel- og dansarlag

Spel fele C: Marius Westling,
Hedmark Juniorspellmannslag

Eldre folkemusikkinstrument jr.:
Eivind Tanche-Larsen Knutsen,
Setesdal spelemannslag (munharpe jr.)

Durspel jr.: Embla Fortun Guntveit,
Spira studentspelemannslag, Hordaland
Folkemusikklag

Vokal C: Helle Luraas Lilleland,
Tinn Spelemannslag

FolkOrg-stipend

Halling C: Jon Bugge Mariussen,
Nesodden Danselag

Dans fele C: Iver Kolstad og Marie Skogås,
Røros folkedanslag

Dans hardingfele C: Knut Boksasp Berge og
Birgit Haukås, Tinn Spelemannslag

LANDSFESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK 2016

Vinnarar

Solo andre instrument

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom Spel- og dansarlag

Senior: Thomas Nilssen, Hedmark Folkemusikklag

Solo durspel

Junior: Vegar Thon, Etnedal spel- og dansarlag
Senior: Tom Kjetil Tørstad, Vårflaumen spel- og dansarlag

Solo fele/hardingfele

Junior: Marius Westling, Hedmark Juniorspellmannslag
Senior: Andreas Bjørkås, Oppdal spell- og dansarlag

Grupperespel:

Jutullaget

Samspel junior:

Espen & Even

Pardans senior:

Kari Nilssen og Stig Nilssen, Hedmark Folkemusikklag

Lagdans

Senior: Lom Spel- og dansarlag

Lagspel fele/hardingfele:

Lom Spelmannslag

Lagspel durspel/trekkspele:

Lom toradergruppe

Open klasse:

Firo

Dommarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Solo andre instrument:

Irene Tillung, Jan Visdal og Mary Barthelemy

Solo durspel:

Anders Lunden Herfoss, Ole Gjerde og Jon Amund Karusbakken

Solo fele/hardingfele:

Anne Marit Jota, Frank Rolland og Ivar Odnnes

Lagspel fele/hardingfele:

Anders Lunden Herfoss, Anne Marit Jota, Frank Rolland og Bjørn Arild Aksnes

Lagspel durspel/trekkspele:

Anders Lunden Herfoss, Irene Tillung, Jon Amund Karusbakken og Ole Gjerde

Grupperespel:

Bjørn Arilds Aksnes, Jan Visdal, Marianne Tomasgård og Mary Barthelemy

Open klasse:

Ivar Odnnes, Marianne Tomasgård og Mary Barthelemy

Samspel junior:

Anne Marit Jota, Irene Tillung og Ivar Odnnes

Pardans og lagdans:

Agnar Olsen, Endre Kleiveland og Randi Rust

FOLKELARM 2016

Folkelarmprisen 2016

Årets folkemusikar:

Aslak Opsahl Brimi

Årets folkemusikar vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar

Solist:

Kjoskrullen – Ottar Kåsa (Ta:lik DA)

Open klasse:

Det andre rommet – Erlend Apneseth Trio (Hubro)

Tradisjonelt samspill:

Atterljomen – Odde/Sulheim/Brimi (Ta:lik DA)

Dokumentasjon:

Slåttar frå Skjåk – Diverse artistar (Ta:lik DA)

Juryen 2016:

Georg Buljo, Kjetil Asdal Bjørgan, Sigbjørn Apeland, Sigrid Randers-Pehrson og Tonje Lien Barkenæs

Folkelarmartistar 2016

«Døgeniktenes debatt» (NO) – Elle Márjá Eira (NO) – Erlend Viken Trio (NO/SE) – Fotefar (NO) – Frigg (FI) – Fru Skagerrak (DK/NO/SE) – Grove Horn (NO/SE) – Hans P. Kjorstad/Rasmus Kjorstad (NO) – Harpreet & Sanskriti (NO) – Ilkka Heinonen Trio (FI) – Jo Einar Jansen (NO) Kartellet/Mørk «Anføttes» (NO) – Musicus (NO) Odde & Holmen (NO) – Offroad (NO) Patrik & Vegar (SE/NO) – Rim (NO/SE) Rustad/Nilssen/Ranøien (NO) – SogeSong (NO) Symbio (SE) – Tone Hulbækmo (NO) VRANG (NO)

Soloscenen

Jo Einar Jansen, Hilde Fjerdingsøy, Sivert Andreas Holmen, Elle Márjá Eira, Ole Nilssen, Julie Alapnes

Folksession 4 – band i fokus

Maren Fenris, Hilde Fjerdingsøy TBA, Morgonrode

Seminarprogrammet på Folkelarm 2016:

En guide til

publikumsundersøkelser (arr.: Norske festivaler og Norsk kulturhusnettverk)

Hvordan bygge din merkevare? – promotering i en digital hverdag, for artister og arrangører (arr.: Norske konsertarrangører)

Booking og management i folkemusikken – behov og forventninger, muligheter og begrensninger (arr.: MØST og Music Norway)

Retten til eget bilde – et lynkurs i reglene rundt bruk av bilder og videoer (arr.: Advokatfirmaet Bing Hodneland)

Frilansfrokost: Når uhellet er ute – hva da? (arr.: MØST, Nordic Black Theatre og Samspill)

Rff-debatt: Hva gjør vi når alle vil ha penger? – mellom frivillighet og profesjonalisering i folkekulturfeltet m/utdeling av Rff-prisen (arr.: Rådet for folkemusikk og folkedans)

Hvordan tenker en festivalsjef? (arr.: Music Norway)

Nordisk samarbeid (arr.: Music Norway)

VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

MOMSKOMPENSASJON 2016

Namn på lag		Nordbygda Spel og Dansarlag	8 188
Austrheim Musikklag	2 908	Oppdal Spel- og dansarlag	9 074
Brekken spell- og danselag	9 014	Rauma Spelmannslag	4 518
Buskerud Folkemusikklag	9 746	Romsdal spelemannslag	11 617
Bygdedanslaget i Bjørgvin	2 671	SAFFA	3 387
Bygdedanslaget i Hamar	2 752	Seljord folkemusikklag	1 832
Bygdedanslaget i Leikarringen Noreg	5 974	Sinnsykt Bra Alternativ	1 461
Byneset Spellmannslag	12 588	Småjondølenes Dansarlag	6 923
Bærum Spellemannslag	6 812	Spelemannslag Fjelljom	8 300
Dovre Folkedanslag	1 667	Spelemannslaget De Frilynde	3 583
Eiker Spellemannslag	2 988	Spelemannslaget Dâm og Drag	2 286
Furuleiken Spell- og danselag	1 356	Spelemannslaget Vârlengt	4 959
Gaular Spelemannslag	3 922	Spellmannslaget Leik	3 142
Gjøvik spellmannslag	23 118	Telemark Folkemusikklag	12 111
Glåmos spellmannslag	5 078	Tinn Spelemannslag	6 950
Hedmark Folkemusikklag	4 212	Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag	7 310
Indre Sunnfjord Spelemannslag	7 862	Trøndelag Folkemusikklag	2 153
Jostedal Spel og Dansarlag	11 973	Unge folkemusikere i Oslo	2 863
Kongsberg Spel- og Dansarlag	14 291	Valdres folkemusikkarrangement AS	254 510
Kristiansand Spel- og Dansarlag	1 630	Valdres Folkemusikklag	3 722
Lom Spel- og Dansarlag	3 618	Valldal Spelemannslag	2 768
Møre og Romsdal Folkemusikklag	937	Verdal Juniorspelmannslag	21 958
Målselv Spelmannslag	4 028	Østerdølenes Spellmannslag i Oslo	3 979
Naustedalen spelemannslag	7 028	Ål spel- og dansarlag	3 968
Nes Nasjonale Dansarring	3 328	Totalt	541 063

FRIFOND ORGANISASJON 2016

Namn	Fordeling 2016		
	Driftsmidler	Prosjektmidler	Totalt
Brekken spell og danselag	2 700,00	1 300,00	4 000,00
Byneset Spellmannslag	12 600,00	0,00	12 600,00
Bærum Spellemannslag	18 100,00	0,00	18 100,00
Bø juniorspelemannslag	2 700,00	5 000,00	7 700,00
Falkeriset Folkemusikklag	2 700,00	2 300,00	5 000,00
Folkemusikklag Bordun	6 300,00	2 700,00	9 000,00
Folkemusikklaget Havbrusen	2 700,00	5 000,00	7 700,00
Gaular Spelemannslag	7 200,00	0,00	7 200,00
Glåmos Spellmannslag	12 600,00	15 000,00	27 600,00
Gransherad Spel og dansarlag	6 300,00	10 000,00	16 300,00
Hardanger Spelemannslag	27 100,00	7 900,00	35 000,00
Hornindal spelemannslag	7 200,00	7 800,00	15 000,00
Kvemmingen spel- og dansarlag	4 500,00	6 500,00	11 000,00
Lom Spel- og dansarlag	18 100,00	10 000,00	28 100,00
Naustedalen Spelemannslag	2 700,00	2 300,00	5 000,00
Nes Nasjonale Dansarring	5 400,00	10 000,00	15 400,00
Osterøy spel og dansarlag	9 000,00	0,00	9 000,00
Småjondølenes dansarlag	29 800,00	15 000,00	44 800,00
Spelemannslaget Fjelljom	19 900,00	10 000,00	29 900,00
Spelemannslaget Havella	13 500,00	13 500,00	27 000,00
Sør-Fron Spelmannslag	13 500,00	12 000,00	25 500,00
Tingelstadringen	8 100,00	0,00	8 100,00
Trysil-Knut Dans og spelmannslag	5 400,00	15 000,00	20 400,00
Unge folkemusikere i Oslo	21 700,00	15 000,00	36 700,00
Valldal Spelemannslag	4 500,00	500,00	5 000,00
Verdal juniorspellmannslag	12 600,00	15 000,00	27 600,00
Voss Spelemannslag	36 100,00	0,00	36 100,00
Vågå Spel- og Dansarlag	25 300,00	2 700,00	28 000,00
Ål spel- og dansarlag	21 700,00	0,00	21 700,00
	360 000,00	184 500,00	544 500,00

FOLKORG-PRISAR 2016

Årets lokallag 2016:

Tinn spelemannslag

Årets folkemusikkarrangør 2016:

Valdres folkemusikkarrangement AS

NORSK FOLKEMUSIKKFOND 2016

Styret i Norsk Folkemusikkfond er:

Nils-Øyvind Bergset, Hilde Reitan, Leiv Solberg (NRK), Kirsti Bakken Kristiansen og Sigbjørn Rua. Fleire av styremedlemmene er involverte i prosjekt som har søkt stønad i fondet, men dei har ikkje vore med i vurderinga av eigne prosjekt.

Vedteken fordeling for Norsk Folkemusikkfond 2016 var slik:

Bærum spellemannslag: 5 000
Gransherad spel- og dansarlag: 5 000
Heme dine: 15 000
Lom spel- og dansarlag: 5 000
SBA – Sinnsykt bra alternativ: 5 000
Småjondølenes dansarlag: 5 000
Storhelg i Løten: 6 000
Ungfolk 2016: 4 000
Voss spelemannslag: 5 000
Total sum: 55 000

Dette er siste året Norsk Folkemusikkfond eksisterer. Frå og med 2017 vert Norsk Folkemusikkfond slått saman med FolkOrg si stønadsordning for rekruttering.

FOLKORG SI REKRUTTERINGSTØTTEORDNING

Prosjekta som får støtte i 2016, var desse:

Bergen ungdomslag Ervingen: 5 000
Buskerud Folkemusikklag: 3 000
Fjellrosa Spel og Dansarlag: 3 000
FolkRekrutt (samarbeid mellom lag i Nord-Gudbrandsdalen): 8 000
Glåmos Spellmannslag: 3 000
Sogn og Fjordane Folkemusikklag: 8 000
Storhelg Løten: 5 000
Trysil-Knut Dans og spelmannslag: 5 000
UngFolk 2016: 8 000
Vinje Spel og Dans: 3 000

Total: 51 000

FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2016 var den 75. årgangen til magasinet. Det blei gjeve ut fire nummer av magasinet, i snitt på 100 sider (eitt på 96 og eitt på 104, resten på 100 sider).

Innhald i magasinet Folkemusikk 2016

Portrett og intervju:

- 1/16: Camilla Granlien, Becaye Aw, Sara Marielle Gaup Beaska, Sturla Eide
- 2/16: Annbjørg Lien, Erik Sollid, Camilla Granlien, Ove Larsen
- 3/16: Tor Stallvik, Sigurd Johan Heide, Huun-Huur-Tu, Trio Madeira Brasil, Tone Hulbækmo og Hans-Fredrik Jacobsen
- 4/16: John Ole Morken, Per Åsmund Omholt, Bruce Molsky, Arto Järvelä, Jean-François Vrod, Jens-Peter Müller, Berit Opheim, Tor Erik Jenstad

Reportasjar:

- 1/16: Tinndølan, Bøkkappleiken, Kjell Christian Midtgaard, spelemannstreff i Bjørnsund, Folkelarm, Seattle Lilla Spelmanslag
- 2/16: Landskappleikens historie, slåtteval på kappleik, kappleiksdebutar, norsk runddanshistorie, runddans i Sogn og Fjordane
- 3/16: folkemusikkfilm frå Telemark, scenisk folkedans, tradisjonsmunnspele, Folkemusikkveka
- 4/16: ein kinesar på Landskappleiken, folkemusikk i kyrkja, ungdom og folkemusikk

Spelemannsbiografiar o.l.:

- 1/16: Knut Fosslia, Lars Skjervheim
- 3/16: Lars Målar
- 4/16: Trygve Bjørge

Fagtekstar:

- 1/16: Moderne folkemusikkinnsamling, danseutstilling på museum
- 2/16: Norsk landskappleik vs. Zornmärket i Sverige, kappleiksdans og geografi
- 3/16: Durspelklängen
- 4/16: Slåtten svenskadn spelte på Norderhov

Meldingar i blad:

- 1/16: CD: Camilla Granlien
- 3/16: bok: *Folkesong i Vest-Agder*. CD: Tone Hulbækmo, Anføttes
- 4/16: bok: *Dragnig mot sinnets djup, Nå skal eg sulle*. CD: Sigrid K. Jore, Eli Storbekken, *Syngjaren*, Anders Spelman

Tema:

- 2/16: Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk
- 3/16: temaseksjon om folkedans

Bidragsytarar i Folkemusikk

Bidragsytarane i Folkemusikk er i svært stor grad folk som er på innsida av ulike folkemusikk- og folkedansmiljø i Noreg. Nokre har vore med i ei årrekke, men redaktør Audun Stokke Hole har òg rekruttert mange nye bidragsytarar. Minst 15 av dei som bidrog i Folkemusikk 2016, hadde ikkje publisert stoff i magasinet før redaktøren tiltredde i oktober 2014.

Bidrag i tre eller fleire nummer: Kjell Bitustøyl (Telemark), Johanne Flottorp (Aust-Agder/Oslo), Ida Habbestad (Hordaland/Oslo), Audun Stokke Hole (Akershus/Oslo), Espen Tørset (Sør-Trøndelag) og Unni Ulltveit (Telemark/Sør-Trøndelag)

Bidrag i to nummer: Guttorm Andreassen (Oslo), Olav Norheim (Oppland/Buskerud), Per Åsmund Omholt (Buskerud/Telemark), Hans-Hinrich Thedens (Tyskland/Oslo) og Kari Wingård (Telemark)

Bidrag i eitt nummer: Bjørn Aksdal, Nils Bakke, Tone Eidsvold, Tone Honningsvåg Erlien, Henrik Kamphus, Sigrid Kjøbli, Zhang Meng, Kjell Christian Midtgaard, Leif Rygg, Ivar Schjøllberg, Arne M. Sølvberg, Johan Vaa, Mette Vårdal, Arne T. Aabø og Bjørn Aasheim

Faste meldarar i blad og på nett i 2016 var Bjørn Aksdal, Sigbjørn Apeland, Nils Øyvind Bergset, Kjell Bitustøyl, Bjørn Hammershaug, Gjermund Kolltveit, Stian Moen, Arvid Skancke-Knutsen og Vegar Vårdal.

Fotografar som var mykje brukte i 2016, var Anbjørg Myhra Bergwitz, Thor Hauknes, Runhild Heggem, Henrik Kamphus, Ingvil Skeie Ljones, Unni Ulltveit og Knut Utler.

Spaltistar i 2016 var Hans-Hinrich Thedens og Kari Wingård.

Folkemusikk.no

På folkemusikk.no, nettsida til magasinet Folkemusikk, blir det stort sett publisert stoff som ikkje er å finne i bladet. Hovudvekta av stoff er meldingar, nyhendesaker og meiningstryningar. I 2016 blei det publisert totalt 93 einskilde saker, fordelte på følgjande kategoriar:

Meldingar:

44 platemeldingar, fordelte på følgjande sjanrar:

- 7 tradisjonelt solospel
- 8 tradisjonelt samspel
- 7 runddans/trekkspel
- 16 arrangert/komponert/eksperimentell folkemusikk
- 5 viser/akkompagnert folkesong
- 1 joik

I tillegg blei det publisert to bokmeldingar, ei konsertmelding og ei teatermelding.

Nyhende:

- 13 nyheitssaker
- 5 Folksrevyen (diverse smånyhende)
- 5 djupnereportasjar (Tett på)
- 6 festivalspesialar (førehandsomtale)

Anna:

- 10 meiningstryningar
- 1 minneord
- 2 fagtekstar
- 3 fotoreportasjar

Meisterkonsert i Operaen

Vinnarar frå Landskappleiken

Spel hardingfele A: Ottar Kåsa

Spel fele A: Erlend Viken

Vokal A: Margit Myhr

Langeleik jr.: Borghild Håvarsdotter Dalbø

Langeleik sr.: Lise Lunde Brennhagen

Andre eldre instrument sr.: Tom Willy Rustad

Dans hardingfele A: Stian Roland og Tone Voldhaug, med muskar Jan Beitohaugen Granli

Dans fele A: Ole Nilssen og Solveig Brekke Hauknes, med muskarane John Ole Morken og Olav Luksengård Mjelva

Halling A: Sigbjørn Rua, med muskar Ottar Kåsa og hattehaldar Hege Johnrud

Lagdans sr.: Mamalooks, med muskarane Kvedarkvintetten

Lagdans jr.: Valdres FolkemusikkUng, med muskar Jan Beitohaugen Granli

Open klasse: Raabygg

Fureprisvinnaren: Sivert Andreas Holmen

Dans hardingfele C: Knut Boksasp Berge og Birgit Haukås, med muskar Lars Ingar Meyer-Fjeld

Spel fele C: Marius Westling

Dans fele D: Anne Grete Nyseter Bjørgan og Rolf Bjørgan, med muskar Astrid Garmo

Lagspel jr.: Bergen Juniorspelemannslag

Lagspel sr.: Gudbrandsdølenes Spelemannslag

Spel hardingfele D: Leif Rygg

Vinnarar frå Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Fele/hardingfele sr.: Andreas Bjørkås

Andre instrument jr.: Even Offerdal Bakken

Gruppespel: Jutullaget

Pardans sr.: Kari Nilssen og Stig Nilssen, med muskarane Lendmenn

Lagspel fele/hardingfele: Lom Spelemannslag

Durspel sr.: Tom Kjetil Tørstad

Lagspel durspel/trekkspel: Lom Toradergruppe

Årsmelding for FolkOrg 2016

Styret i FolkOrg godkjenner årsmelding for 2016



Per Øyvind
Tveiten
Styreleiar



Camilla Granlien
Nestleiar



Helene Myklemyr
Bolstad
Nestleiar



Olav L. Mjelva
Styremedlem



Tove Leinslie
Styremedlem



Hilde Reitan
Styremedlem



Thor Hauknes
Styremedlem



Linda Dyrnes
Dagleg leiar

Postadresse:

Postboks 4613, Sofienberg, 0506 Oslo

Org. nr.:

959 390 940

Kontonr.:

1600.20.36375

www.folkorg.no



“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans